

# SAKSFRAMLEGG

## Tysnes kommune

### YTRE HARDANGERFJORD SOM MARINT VERNEOMRÅDE - HØYRING 2017

---

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

---

Arkivsak : 17/268 -  
Arkivkode: 460

---

**... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)**

**Vedlegg:** Kart Hardangerfjorden.  
Forskrift om vern av Ytre Hardangerfjord marine verneområde.  
Fakta Ytre Hardanger.  
FMHO faktaark for Ytre Hardangerfjord, revidert etter fagleg gjennomgang.

#### SAKSUTGREIING:

Fylkesmannen i Hordaland har i ekspedisjon 23.02.2017 til Tysnes kommune sendt planframlegg til høyring ,Ytre Hardangerfjorden som eit marint verneområde etter § 42 i naturmangfaldslova (kunngjering av påtenkt verneforslag) og kapittel VII i forvaltingslova (om forskrifter).

Fylkesmannen opplyser at dette er eit ledd i arbeidet med å verna eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar. «Vårt» kandidat område er om lag 83 km<sup>2</sup>. Avgrensinga går frå Ånuglo og tvers over fjorden til Husnes. Området er stort sett i samsvar med det som vart meldt oppstart og sendt høyringsuttale til i 2015.

I samband med melding av oppstart av marint vern i 2015 gav Tysnes kommune slik uttale:

«Tysnes kommune kan ikkje sjå behov for etablering av Ytre Hardangerfjord som marint verneområde. Tysnes kommune tilrår såleis at ein ikkje nyttar ressursar på å gå vidare med oppstartsmeldinga.

Tysnes kommune vil med tilvising til ovanstående utgreiing påpeika at bruk av det omtala området truleg vil gje det beste vernet. Med bruk tenkjer me på korleis dette området tradisjonelt har vorte nytta og framleis vert brukt sett blant anna opp mot: Nærings- og fritidsfiske, akvakultur, skipstrafikk og leier, friluftsliv, turisme og forskning.

Kommunen ser vidare potensiale i dette området for nye/endra næringstiltak og andre større tiltak av vesentleg samfunnsmessig verdi. Justeringar og mindre endringar i

næringar bør kunna tilpassast i eit balansert miljøperspektiv, me meiner at dagens generelle arealforvaltningsregime legg opp til ei slik balansert utvikling.

Perspektivet og visjonane om å byggja Noreg opp til å verta den fremste sjømatnasjonen i verda må stå ved lag!»

Når det likevel er gjort val om å gå vidare med område som marint verneområde vil me gjennom denne saka freista å peika på både negative og positive konsekvensar av verneframlegget og konkludera ut i frå ein heilskapleg vurdering.

I Hordaland er det forutan det nemnde området to andre såkalla kandidat område som vil verta vurderte: Eit område på ca. 210 km<sup>2</sup> i ytste del av Korsfjorden og eit område på ca. 70 km<sup>2</sup> i Lurefjorden og Lindåsosane.

Den vidare utgreiinga er tufta på framlegget til vern og vedlegga :

- Fakta Ytre Hardanger.
- FMHO faktaark for Ytre Hardangerfjord, revidert etter fagleg gjennomgang.
- Forskrift om vern av Ytre Hardangerfjord marine verneområde.
- Kart Hardangerfjorden.

#### Føringar og avgrensingar:

I det marine verneområdet kan ingen setje i verk noko som direkte eller indirekte kan øydelegge eller redusere verneverdiane i verneføremålet. Det er likevel ikkje definert verneverdi som er lagt til grunn.

Ved innføring av marint vern vert vegetasjon, medrekna tang, tare og andre marine planter, verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon er forbode og dyrelivet i sjø og på sjøbotnen er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode.

Tysnes kommune er samd i at det er viktig og vera merksam på kva verdiar som finnes i sjøen og kva konsekvens ulike tiltak vil kunne ha andsynes desse. Me meiner likevel at det bør kunne vurderast frå sak til sak og følgja den metodikken som ligg til grunn for avklaringar mellom vern og vekst i det kommunale plansystemet.

Området er føreslege verna mot tiltak som etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller mellombels innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, muddring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøyring av vassmassar og oppankring.

Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande og det ligg og føre ein del preaksepterte dispensasjonsgrunnar i forskrifta.

Vidare seier planen at tekniske inngrep, som oppføring av nye kaianlegg og småbåthamner bør ein vere forsiktige med, men at påverknaden av inngrepet kjem an på storleiken av anlegga og kor dei skal ligge. Røyrleidningar og kablar i sjø bør ein vere varsame med å legge i følgje påtenkt verneplan.

Om det er naudsynt å legge ein kabel gjennom området bør dette skje i utvalde korridorar og med skånsamme metodar slik at påverknaden blir minst mogleg.

I si vurdering av konsekvensar skriv fylkesmannen generelt bør det vere opning for at eksisterande anlegg og innretningar skal få naudsynt vedlikehald. Tysnes kommune meiner at turvande vedlikehald er ein absolutt føresetnad og at det såleis ikkje hadde vore trong for å nemna det i det heile.

Det står vidare at det er lagt opp til strenge restriksjonar for tiltak som utfylling, byggeverksemd, muddring, deponering av massar, undervass sprenging, legging av kablar, utslepp av kjølevatn og ballastvatn, utnytting av mineralske ressursar og installasjonar for energiutnytting.

Alle dei ovannemnde tiltaka må i dag handsamast og godkjennast av ulikt lovverk som regulerer slike type tiltak.

Det vert vist til at det ligg føre visjonar om nye hovudvegar og bruer som kan påverke naturfaglege tilhøve i kandidatområdet. I planen vert det peika på at dette må vurderast særskilt når planane er meir konkrete. Tysnes kommune meiner at det allereie er avklart at samfunnsnyttige tiltak skal gå framføre vernestatus, og at veg og bru difor allereie nå kan leggest inn i påtenkt verneplan si forskrift som tiltak som kan gjennomførast i planområdet for å unngå framtidige lokalitetsdiskusjonar ved traseval.

Planen seier at tunge, tekniske inngrep som påverkar havbotnen normalt vil vere forbode i eit marint verneområde, men alle verneforskrifter gir høve til å vurdere dispensasjon for tiltak av vesentleg samfunnsmessig verdi. Tysnes kommune meiner at framtidig infrastruktur ikkje bør vera ein dispensasjonssak men ein avklara arealbruk i sjøområda mellom Tysnes, Kvinnherad og Stord (Huglo)

Vedlegg presentert som faktaark ber i stor grad preg av synsing, det står mellom anna :

*«Restriksjonsnivået avgjer om pågåande næringsverksemd får ulemper av vernet, men vi forventar at problema blir små.*

*Konfliktane knytte til moglege negative effektar for framtidig næringsverksemd er ikkje store, men eit vern skal sjølvstilt gjennomførast i nært samarbeid med involverte kommunar. Verneforslaget kan ha ein positiv effekt for turistbedrifter nær området.*

*Generelt aukar ofte turismen til område rundt store naturvernområde, sidan eit vern indikerer at det kan vere flotte naturopplevingar der.»*

Fylkesmannen har inga krystallkule, her ligg den største utfordringa med planen, den seljast inn til kommunane som om det meste vil vera som før. Me kan trygt gå ut frå at marine næringar som t.d. akvakultur vil møte motstand når lokalitetar vert søkt flytta eller utvida, og turistnæringa vil mest sannsynleg ikkje kunne bløme i områder der byggeplanar, utfylling eller tilrettelegging ikkje er mogleg utan tunge dispensasjonsrundar og der ein generell skepsis mot tiltak i vernesona vil vera gjeldande situasjon i framtida. Konsekvensar for næringsverksemd vert merkbar og framtidig tilknytning mot Kvinnherad vert utfordra av marint vern. Oter derimot, går lysare tider i møte.

Det kan virke som overordna planarbeid utført av fylkesmannen vert detaljert og farga av sakshandsamarane sine spesielle interesser når rykte om utvikling av mogleg framtidig fangstredskap for torsk med rømmingsveg for oter er omtalt med større vekting enn utviklingtrekk i fiske og sjøtilknytt-næring generelt. Me kan lesa at brislingfiske var betre før, men det kjem ikkje fram spesifikt kva verneverdiar som er direkte trua av dagens aktivitet og som er så viktige at heile området har trong for eit framtidig marint vern. Er situasjonen eigentleg resultat av overuttak av enkeltartar kan dette justerast innanfor gjeldande lovverk.

Det er vist til funn av naturtypar og artar. Er funn av artar som normalt forventast å finnast i arktiske strøk, når hovudføremålet i følge fylkesmannen er å visa eit representativt utval av norsk natur, grunnlag for vern av sjøbotn i Sunnhordland og Hardanger ? Eller er det slik at det tidligare berre har vore søkt etter artane i arktiske strøk og at den som leitar stort sett finn? Det vert hevda og at sjølve moreneryggen er ein spesiell geologisk førekomst med nasjonal verneverdi utan at dette vert utdjupa nærare. Dette ber preg av eit «kjekt å ha» vern og det er denne samanheng berre synt til «sekkeposten» § 39 i naturmangfaldslova.

Korallane det vert vist til ligg i Langenuen og er allereie sikra gjennom naturmangfaldslova.

Då det i faktagrunnlaget berre vert vist til «havforskarar på tokt» og ikkje ligg føre etterretteleg undersjøisk kartlegging til framlegg om vern er det problematisk å forholde seg til omfanget av ein vernesone på 83 km<sup>2</sup>. «Toktet» syner til funn av eit korallsamfunn med god helse ved foten av Huglahammaren heilt sør/vest i område planlagt til marint vern, og at botntrål er det største trugsmålet mot slike samfunn. Slik reiskap er forbode i norske fjordar, det bør difor kvitterast ut at problema er løyst, eller at det aldri har vore eit problem. Generelt er det vanskeleg å sjå vinsten med å innføra ei slik vernesone som det er lagt opp til her. Anna aktivitet enn fritidsfiske og rekreasjon er ikkje mogleg eller planlagt i dette sjø/landområde.

Det ligg i faktaark for kandidat område Ytre Hardangerfjord bilete av strender med plast og skrot, men det er ingen verkemidlar i plan for marint vern utover setninga: «forsøpling er forbode». Forsøpling er strengt tatt allereie forbode i dag og eit marint vern vil ikkje i seg sjølv løysa problem med at plast og anna avfall frå båt- trafikk og aktivitet andre plassar vert transportert til våre strender kvart år grunna dominerande vindretningar og straumforhold i fjordane. Det vert derimot i tekst vist til den vakre fruktbløminga i Hardanger utan at denne eller det like vakre sjølandskapet under havflata er dokumentert på nokon som helst måte.

87.5 daa. Landareal og 217 daa. Sjøareal er allereie avsett til vern av sjøfugl i tillegg til fleire større landskapsvernområde på land som grensar til sjø i planlagt område for marint vern. Tiltak vert i dag handsama etter havressurslova, forureiningslova, naturmangfaldslova, plan- og bygningslova og akvakulturlova. Dette er lovverk som utfyller kvarandre i forvaltninga av Ytre Hardanger. Samla sett vurderer me at også verneinteresser har tilstrekkeleg tyngde gjennom dette lovverket.

Sjølv om plan for marint vern før godkjenning vert fylgt opp av ein lang liste med generelle unntak og eit dispensasjonsreglement ein plan som vil skapa konflikt i område som allereie er klarert gjennom anna lovverk. Kommunane sin strategi for utvikling og vekst vert tilsidesett om verneplan vert godkjent. For Tysnes sin del vil nesten heile sør og austsida av Tysnesøya og Skorpo vera omfatta av marint vern i ein plan som i lita grad klarer å argumentera for kva særskilde verdiar som skal vernast og korleis innføring av verneområde faktisk skal gje betre vern enn dagens lovverk.

Me kan ikkje sjå nye restriksjonar for kommersielt- eller fritidsfiske, det er ikkje vist nye lokalitetar for havbruksnæring, berre ein forsiktig utviding av eksisterande lokalitetar. Tysnes Kommune registrerar at planframlegget på dette punkt har same svakhet som Hordaland fylkeskommune sitt framlegg til Regional Kystsoneplan som og er på høyring i disse dagar.

Når det gjeld utvikling og tiltak i samband med å leggja til rette for fleire bustader, fritidsbustader, næringsareal med vidare er innføring av marint verneområde berre nok ein moglegheit til å fremja motsegn for ytre høyringsinstansar. Det bør difor igjen stillast spørsmål om det er trong for marint vern i området. I den grad det påvisast og kartleggast artar og naturtypar som krev ekstra aktsemd eller omsyn så vil me kunne innretta oss etter dette gjennom eksisterande lovverk. Tysnes kommune kan ikkje akseptera å innføra ein verneplan som vil skravera halve plankartet og bandlegga heile innseglinga til Hardanger.

Formannskapet sin uttale i høyringsrunden 2015 oppsummerer godt den haldinga kommunen framleis har til marint vern.

**... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

**::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)**

Tysnes kommune kan ikkje sjå at det er trong for etablering av Ytre Hardangerfjord som marint verneområde.

Tysnes kommune rår til at arbeidet avsluttast, og vil med tilvising til ovanstående utgreiing peike på at bruk av det omtala området i samsvar med gjeldande lovverk og rutinar ved sakshandsaming truleg vil gje det beste vernet.

Kommunen ser vidare potensiale i dette området for nye/endra næringstiltak og andre større tiltak av vesentleg samfunnsmessege verdi.

Justeringar og mindre endringar i næringar bør kunna tilpassast i eit balansert miljøperspektiv, me meiner at dagens generelle arealforvaltningsregime legg opp til ei slik balansert utvikling og at kandidat område Ytre Hardanger difor kan takast ut av den vidare sakshandsaminga.

**::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**